



Muren har vorte noko nedtrappa på strekninga vidare vestover

**Murmeister Tor Ove Haugland har problem med å bli ferdig som opprinneleg bestemt med Uskedalens nye monument - den flotte muren utanfor KV (tidlegare AFA) som blir ein pryd for bygda. Grunnen til ei forseinking med opptil 2 veker er ikkje hans, den skuldast leveranseproblem. Det høyrast ut som eit paradoks her i landet..**

Det var i fjor sommar Tor Ove tok til med jobben, som er krevjande men interessant. Steinen blir henta frå ein stad som ligg 9-10 timar unna, nærare bestemt Randøy i Hjelmeland kommune i Boknafjorden.

Der ligg det eit stort steinbrot som leverar alle slags stein, men altså ikkje i tilstrekkelege kvanta i dette tilfellet. Det er Sigmund Myklebust som har entreprisen.

Aller helst skulle muren og tomta i det heile vore fullført til helseministerens vitjing i slutten av mars. Men allereie i starten av prosjektet var det problem med steinleveransen..

Imidlertid har Haugland jobba bra i det siste med ei nedtrappa utgåve av muren på strekninga mot det nye tomtearealet. Difor var det beklageleg at det no vart stopp. Strekninga med mur er vel 100 meter tilsaman.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen